



Notat

Til: Teknisk drift

Kopi til: Kari Elisabeth Io, Arne Helgesen

Saksbehandler: Byggesaksavdelinga/Siril Therese Sylta
Vår referanse: 15/3763 - 2 / Gbnr - 103/8
Dato: 26.11.2015

Emne: Uttale frå byggesak i samband med søknad om tilkopling til vatn - gbnr 103/8 Fjellanger

Viser til e-post der byggesak er bedt om tilbakemelding i saka.

Byggesak har i sak 2010/581 ein aktiv sak på diverse ulovlege tiltak på eigedommen. Det vart halde synfaring på eigedommen 12.05.2010. Dessverre har ikkje saka vorte fulgt opp frå vår side sidan då, men er no vorte ei aktiv sak igjen.

Byggesak ser i matrikkelen at bygget på gbnr 103/8 er registrert som einebustad i matrikkelen. Ut i frå det vi er kjent med, og det som går fram av nettsida til Vågseidstranda Feriesenter, så er bygningen i bruk som feriesenter og har vore det sidan år 2000. Bruk av bygningen til feriesenter, krev søknad om bruksendring etter plan- og bygningslova. Lindås kommune har ikkje gjeve godkjenning til endra bruk.

Lindås kommune er og kjend med at det går ureinsa kloakk rett ut i frå denne eigedommen. Utgangspunktet etter forureiningsforskrifta kap. 12 § 12-16 er at eksisterande utslepp som vart etablert på ei tid der det ikkje var nødvendig med løyve, fortsatt er lovlege. I forhold til desse utsleppa kan kommunen ved vedtak fastsetja at dei er ulovlege.

I denne saka hadde det og vore tilfelle dersom den opphavelege bruken av bygget fortsatt gjorde seg gjeldande. Etter det vi kjenner til og har fått kunnskap om, er det på denne eigedommen snakk om ei vesentleg auke i bruken av bygningen, frå einebustad til feriesenter, med fleire rom og leiligheter som har sanitærinstallasjonar. Den totale utsleppsmengden er vesentleg auka. Det krev ny søknad om utslepp og nytt løyve er forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta § 12-3. I tillegg har ikkje kommunen oversikt på om det er andre bygningar enn sjølve bustadbygget som eventuelt er kopla på avløpsleidningen som går ut i sjø.

Tilkopling til offentleg vatn på denne eigedommen, vil slik byggesak ser det, vera med på å auke den mengden avløpsvatn som går ureinsa ut frå eigedommen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



I alle høve bør søkjar dokumentere kva tilkoplinga er til (næringsbygg/bustad), kart som viser leidning inn på eigdommen og planskisser som viser innvendig leidningsnett. Byggesak gjer merksam på at etablering av leidningsnett for tilkopling er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og krev særskilt løyve.